LINDÅS KOMMUNE
Planavdelinga

Jorunn Irene Dale
Klubben 2
5914 ISDALSTØ

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Christian H. Reinshol | 02.07.2018 |
| Vår: 18/342 - 18/21656 | Christian.Reinshol@lindas.kommune.no | |

# Kunngjering godkjent reguleringsplan for E39 Mundalsberget bomstasjon, plan-id 1263-201801

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12, vert det kunngjort at kommunestyret i møte den 21.06.2018, sak 048/18, godkjente reguleringsplan for E39 Mundalsberget bomstasjon, plan-id 1263-201801.

Hovudføremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for etablering av bomstasjon like aust for tunellmunninga til Mundalsbergtunellen. Planen omfattar naudsynt areal for bomstasjon med teknisk utstyr, tilhøyrande parkering for service og tilkomst for vedlikehald. Tiltaket inngår som ein del av Nordhordlandspakken, som vart vedteken i Stortinget hausten 2017. Reguleringsplanen vil skape grunnlag for grunnerverv då ein ikkje har lykkast i å kome til avtale om grunnavståing med grunneigarane i området

Reguleringsplanen ligg til gjennomsyn frå 04.07.2018 til 15.08.2018 i ekspedisjonen på Lindås rådhus. Planen vil også verte å finne på kommunen si nettside www.lindas.kommune.no under «Høyringar og kunngjeringar».

OM KLAGE OG VERKNAD AV PLAN
Vedtaket om godkjenning av reguleringsplan er eit enkeltvedtak og kan påklagast av den som er part eller har rettsleg klageinteresse, jf. plan- og bygningslova § 12-12, 3. ledd og forvaltningslova § 2 og §§ 28-36. Klagefristen er, etter forvaltningslova § 29, 3 veker frå denne kunngjeringa. Pga. sommarferien vert klagefristen utvida med 3 veker, slik at den totale klagefristen for denne reguleringsplanen er 6 veker. Eventuell klage bør grunngjevast og skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland og sendast til:

*Lindås kommune, plan- og miljøutvalet, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ,* eller til *postmottak@lindas.kommune.no* innan **15.08.2018**.

Reguleringsplanen fastset framtidig bruk i området, og er bindande for nye tiltak og utviding av eksisterande tiltak, jamfør plan- og bygningslova § 12-4. Det vert også vist til plan- og bygningslova § 15-2 og § 15-3, krav om innløysing og erstatning for tap ved reguleringsplan. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Frøydis Ones<br>avdelingsleiar | Christian H. Reinshol<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
2. gangs handsaming av reguleringsplan E39 Mundalsberget bomstasjon, plan-id 1263-201801
E39 Mundalsberget bomstasjon planomtale - 2018-05-31
E39 Mundalsberget bomstasjon planføresegn 2018-03-07
E39 Mundalsberget bomstasjon plankart - A3 - 2018-03-07
30608 E39 Mundalsberget, Lindås. Vurdering av isproblematikk i bergskjæringer
D2-2 Notat Fjellskjæring ved stasjon 4 Mundalsberg
9-E39-11
9-E39-10
9-E39-9

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Statens vegvesen | | | |
| Statens vegvesen Region vest | Askedalen 4 | 6863 | LEIKANGER |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Anders Valle | Hopsdalsvegen 31 A | 5915 | HJELMÅS |
| Anna Landro | Osterfjordvegen 533 | 5915 | HJELMÅS |
| BKK Nett AS | Postboks 7050 | 5020 | BERGEN |
| Bozena Urszula Gausereide | Hopsdalsvegen 45 A | 5915 | HJELMÅS |
| Fylkesmannen i Hordaland | Postboks 7310 | 5020 | Bergen |
| Gunn-Marit Skotoff | Hopsdalsvegen 107 | 5915 | HJELMÅS |
| Halvard Mundal Torvund | Hopsdalsvegen 107 | 5915 | HJELMÅS |
| Helga Angelskår Eikrem | Hopsdalsvegen 42 | 5915 | HJELMÅS |
| Hordaland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| Jorunn Irene Dale | Klubben 2 | 5914 | ISDALSTØ |
| Lars Kåre Eikrem | Hopsdalsvegen 42 | 5915 | HJELMÅS |
| Liv Janne Drange | Hopsdalsvegen 77 | 5915 | HJELMÅS |
| Nils Hallvard Kvamme | Hopsdalsvegen 125 | 5915 | HJELMÅS |
| Nils Landro | Osterfjordvegen | 5915 | HJELMÅS |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Statens vegvesen | 533<br>Postboks 8142<br>Dep | 0033 | OSLO |
| Sverre Leonard Solberg | Hopsdalsvegen 67 | 5915 | HJELMÅS |
| Trond Heum | Hopsdalsvegen 27 | 5915 | HJELMÅS |